



## Statens vegvesen

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Kristian Hella Bauge / 55516337

Vår referanse:  
24/300248-12

Dykkar referanse:

Vår dato:  
07.11.2025

### Høyring av byutgreiinga for Bergens-området 2025

Byutgreiinga for Bergens-området blir med dette sendt til dei lokale partane i byvekstavtalen ved fylkeskommune og kommunar for uttale. Samtidig blir byutgreiinga lagd ut på nettsidene til Statens vegvesen <https://www.vegvesen.no/byutredninger> slik at alle som ønskjer kan gi høyringsinnspel. Sjå nettsida for meir informasjon. Formålet med høyringa er først og fremst å gi høve til å komme med kommentarar på det faglege innhaldet i rapporten, som er eit grunnlag for reforhandling av byvekstavtalen.

Formålet med byutgreiinga er å vise korleis kvart enkelt byområde kan nå nullvekstmålet gjennom ulike verkemiddelpakkar. Nullvekstmålet dekkjer fleire viktige omsyn, og er formulert slik: Klimagassutslepp, kø, luftforureining og støy skal reduserast gjennom effektiv arealbruk og ved at veksten i persontransporten blir teken med kollektivtransport, sykling og gonge. Byutgreiinga skal ikkje foreslå kva løysingar som skal veljast. Dette skal avgjerast i reforhandlingane om byvekstavtalane.

Samferdselsdepartementet har bede Statens vegvesen om å leie arbeidet med å gjennomføre byutgreiingar i samarbeid med Jernbanedirektoratet, dei aktuelle statsforvaltarane og lokale styresmakter. Arbeidet skal resultere i fagleg grunnlag for kommande reforhandlingar av byvekstavtalane. Byvekstavtalane er det viktigaste verkemiddelet for å utvikle attraktive byar med god mobilitet og framkomst, og med mindre lokal luftforureining, støy og klimagassutslepp.

Om ønskjeleg kan Statens vegvesen orientere om innhaldet i rapporten for byvekstsamarbeidet i løpet av høyringsperioden.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Fakturamottak DFØ  
Postboks 4710 Torgarden  
7468 Trondheim

Eventuelle høyringsinnspel kan sendast til Statens vegvesen før 15. mars 2026.

Høyrings svar kan anten:

- bli lasta opp på våre nettsider <https://www.vegvesen.no/byutredninger>
- bli sendt som e-post til [firmapost@vegvesen.no](mailto:firmapost@vegvesen.no).
- bli sendt pr. post til: Statens vegvesen, Postboks 1010 Nordre Ål, 2605 Lillehammer

E-post og post må merkast med referansenummer 24/300248-12.

Med helsing

Nils Magne Slinde  
Fungerande Avdelingsdirektør

Kristian Hella Bauge  
Prosjektleder  
Byutgreiing Bergens-området 2050

*Tekst for godkjenning settes inn ved ekspedering.*

Byutgreiing Bergens-området 2025

Likelydande brev sendt til

ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG

ASKØY KOMMUNE, Postboks 33, 5321 KLEPPESTØ

BERGEN KOMMUNE, Postboks 7700, 5020 BERGEN

BJØRNAFJORDEN KOMMUNE, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER

ØYGARDEN KOMMUNE, Ternholmvegen 2, 5337 RONG

Kopi

JERNBANEDIREKTORATET, Postboks 16, 0101 OSLO

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER